

Med Uskedalen som hovudsete er Hordaland Elghundklubb tildelt NM i bandhund fra 5. til 8. august neste år. Husvære er allereie tinga - det er Solheim, Dønhaug og Rabben. Og ettersom det kjem mellom 25 og 30 hundar og like mange dommarar og kjentmenn kan det verta eit innrykk på minst 100 denne helga.

Eldsjelane som har lukkast å henta meisterskapen til Kvinnherad er Anita Lie og Atle Helland som bur på Valen, Vidar Hellås på Sandvoll, Taisto Erkinharju i Herøysund og Tore Storhaug på Sunde. Dei har lagt eit godt gunnlag med fleire vellukka elghundutstillingar i dei seinare åra,

Som den største hjortekommunen i landet var vi eit naturleg val, også fordi det var elghudentusiastar herifrå som starta fylkesklubben for nær 20 år sidan. No har forbundet 22 klubbar over heile landet. Det er NM annakvart år med laushund og bandhund. NM går over 2 dagar og er lagt opp som ei jaktprøve.

Elg vert jakta med bandhund eller laushund her i landet. Ved laushundjakt vert hunden sluppe og når den har los skal jegeren gå inn og skyta. Ved bandhundjakt går jegaren med hunden i band heile tida og skal hjelpa han ubemerka inn på elg eller hjort. Av 9 registrerte raser er norsk elghund grå og norsk elghund svart mest vanlege under jakt her i landet.

Bandhundprøva varer i minst 6-7 timar i eit område på frå 3000 til 10 000 dekar. Dommarane registrerer nitid hunden arbeid og set poeng etterkvart. Dette skjer med minimale forstyrrelser for livet ellers i skogen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen, Atle Helland og L.T. Varanes
Nett: Ola Matti Mathisen